



Arkivnr: 2014/10708-5
Saksbehandlar: Kristoffer Gilhus

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		19.04.2017
Fylkesutvalet		03.05.2017

Bergen katedralskole avdeling Kyrre - leige av lokale

Samandrag

Bergen katedralskole avdeling Kyrre gir vidaregåande opplæringstilbod innan studiespesialiserande utdanningsprogram til elevar med psykisk sjukdom. Avdeling Kyrre har i dag lokale i Øvregaten 29 i Bergen sentrum. Lokala vert ikkje vurdert som eigna for skoledrift.

Fylkerådmannen har over ein lengre periode vurdert ulike lokale til avdeling Kyrre. Fylkesrådmannen meiner at lokala i Solheimsgaten 23 vil vere eigna til vidare drift av avdeling Kyrre.

Proessen for vurdering av Solheimsgaten 23 har omfatta synfaringar og møte med sikte på informasjon, dialog og tilstrekkeleg grunnlag for konklusjon i saka. Mellom anna har både avdeling Kyrre og leiinga ved Bergen Katedralskole vore involvert i prosessen. Bergen Katedralskole har i brev av 09.03.2017 uttalt at lokala i Solheimsgaten ikkje vil vere tenlege for avdeling Kyrre.

Sjølv om løysinga med lokala i Solheimsgaten 23 ikkje vil kunne imøtekome alle ønskja til skulen, er vurderinga at lokala kan tilpassast tilstrekkeleg til føremåla og behova som avdeling Kyrre har.

Eigdomsavdelinga har forhandla fram hovudpunkta til ein leigeavtale for lokala i Solheimsgaten 23. Lokala er på totalt 800 kvm. Lengda på leigeavtalen er 8+1+1 år. Leigepris er i utgangspunktet kr 1.690.000 pr år, men den vil verte noko høgare på grunn av behov for tilpassingar i lokala, som fylkeskommunen må dekkje gjennom tillegg i husleiga.

Helsevernetaten i Bergen kommune hadde 07.02.2017 tilsyn i lokala i Øvregaten 29. På bakgrunn av konklusjonane i rapporten 07.03.2017 er det påkravd med tiltak snarast.

Fylkesrådmannen vil så snart som mogleg setje i gang eit arbeid med utgreiing av framtidig opplæringstilbod som er tilpassa målgruppa ved avdeling Kyrre. Representantar for Bergen katedralskole og avdeling Kyrre vert invitert med i arbeidet. Arbeidet er venta ferdigstilt hausten 2018.

Forslag til innstilling

1	Aktiviteten ved avdeling Kyrre vert flytta frå Øvregaten 29 til Solheimsgaten 23
2	Det skal setjast i gang eit arbeid med utgreiing av framtidig opplæringstilbod som er tilpassa målgruppa ved avdeling Kyrre.
3	Fylkesutvalet godkjenner leige av lokale i Solheimsgaten 23 i 8+1+1 år frå hausten 2017.
4	Eigedomsdirektøren får fullmakt til å signere leigeavtalen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
eigedomsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.04.2017

BAKGRUNN OG HISTORIKK

Bergen katedralskole avdeling Kyrre skole gir vidaregåande opplæringstilbod til elevar med psykisk sjukdom. Avdeling Kyrre har i dag lokale i Øvregaten 29 i Bergen sentrum. Lokala vert ikkje vurdert som eigna for skole drift.

Fylkerådmannen har over ein lengre periode vurdert ulike lokale til avdeling Kyrre. Vurderingane av alternative lokasjonar har vore gjort av Eigedomsavdelinga og drøfta med Opplæringsavdelinga. Eigedomsavdelinga har vore i kontakt med fleire utleigarar og vore på fleire synfaringar, utan at ein har funne andre betre eigna tilgjengelege lokale. Det har mellom anna vore vurdert lokalar i Kong Oskars gate, Strandgaten 196 og C..Sundtsgate 27. Fylkesrådmannen meiner at lokala i Solheimsgaten 23 vil vere eigna til vidare drift av avdeling Kyrre.

PROSESS FOR VURDERING AV SOLHEIMSGATEN 23

Prosessen for vurdering av Solheimsgaten 23 har omfatta synfaringar og møte med sikte på informasjon, dialog og tilstrekkeleg grunnlag for konklusjon i saka. Leiinga ved Bergen katedralskole ved rektor og avdelingsleiar samt tillitsvalde og verneombod ved skolen har vore med i prosessen. Eigedomsavdelinga har parallelt vore i dialog med utleigar av Solheimsgaten 23.

Synfaringar:

- 19.09.16: Avdelingsleiar Kyrre, representant for Eigedomsavdelinga og representantar for Opplæringsavdelinga
- 30.11.16: Verneombod, tillitsvald, avdelingsleiar, rektor Bergen katedralskole, representantar for Opplæringsavdelinga inkl. seksjonsleiar Fellestenestar
- 24.02.17: Alle tilsette på Kyrre (alle deltok med unntak av 3 lærarar).

Møte på Bergen katedralskole:

- 23.02.17: Tilsette på Kyrre. Informasjon om lokala v/representant frå Opplæringsavdelinga. Samtale i etterkant med synspunkt frå rektor.
- 07.03.17: Tilsette på Kyrre. Oppsummering etter synfaring.

Møte mellom Bergen katedralskole og skuleeigar:

- 25.01.17: Om lokale i Solheimsgaten 23 og mogleg utforming. Om prosessen vidare.
- 16.02.17: Om utforming av lokala.
- 10.03.17: Oppsummering av uttalar og synspunkt frå Bergen katedralskole.

LEIGEAVTALEN

Eigedomsavdelinga har forhandla fram hovudpunkta til ein leigeavtale for Solheimsgaten 23. Leigeperioden vil verte 8 år med opsjon til å leige ytterlegare 1 + 1 år. Dette skal gi fylkeskommunen tilstrekkeleg tid til å finne alternative permanente lokale i høve til investeringane i skolebruksplanen. Lokala består av to etasjar, kvar på 400 kvm, som gir oss totalt 800 kvm. Lokala har tidlegare vore nytta til undervisning for Årstad vidaregåande skule. Det er behov for å ruste opp lokala, og nokre av oppussings- og tilpassingskostnadene vil kome på fylkeskommunen i form av tillegg til leiga. Det er grunn til å rekne med at total årsleige kan verte høgere enn kr 2 mill., som er rekna som vesentleg i delegasjonsreglementet, og leigetilhøvet må då godkjennast av fylkesutvalet.

VURDERINGAR I VAL AV LOKALE

AMU for skulen har uttalt at dei er kritisk til prosessen. Det vert peika på at det må finnast andre lokale i sentrum som kan leigast til avdeling Kyrre. Uttalane frå Bergen katedralskole går på at lokala i Solheimsgaten 23 ikkje vil ha plass til optimalt elevtal. I følgje uttalane er det ikkje føremålstenleg med rom fordelt over to etasjar. Det er vidare peika på at romma er mørke og at det er lågt under taket. Naturleg lys vert peika på som særleg viktig for denne elevgruppa. Uttalane viser også til at felles gang og trappeoppgang med andre leigetakarar vil kunne vere problematisk for elevgruppa.

Fylkesrådmannen er samd i at løysinga med lokala i Solheimsgaten 23 ikkje vil kunne imøtekomme alle ønskje. Ein må til dømes innrette funksjonar over to etasjar sjølv om det er meir føremålstenleg å ha alt på eitt plan.

I tillegg til funksjonelle rom for undervisning og rom for personalet er det viktig med utforming som tek i vare omsyn til tryggleik og oversikt. Samstundes er det behov for skjerma rom og møteplassar. Romsituasjonen ved noverande skole er ikkje tilstrekkeleg funksjonell for føremålet, og bygget tilfredsstiller heller ikkje krav etter forskrift om miljøretta helsevern. Tilsynsrapporten for avdeling Kyrre omhandlar mellom anna setningssskadar, fuktsskadar, støy innomhus og støy frå vegtrafikk.

Solheimsgaten 23 vil ha plass til tilbod minst tilsvarande tal elevar som no. Dei nye lokala vil ha eit bruksareal på 800 kvm, mot 600 kvm i dag. På tidspunktet for synfaringa var ikkje naudsynt oppussing og tilpassing gjort. Dei endelege lokala vil stå fram som vesentleg meir tenlege. Rominndelinga vil så langt som råd er, vere tilpassa avdeling Kyrre sine behov og ønskje, og lokala vil stå fram som lysare og trivelegare enn dei var på tidspunktet for synfaringa. Eigedomsavdelinga vurderer at det samla sett er godt dagslys frå store vindaugsflater (sjå bilete).

VURDERINGAR AV PLASSERING

Fylkesrådmannen har forståing for at ein større avstand frå Bergen katedralskole gir utfordringar for kontakt og samarbeid. Fylkesrådmannen legg likevel til grunn at avstanden ikkje er til hinder for at avdeling Kyrre framleis skal høyre til Bergen katedralskole og at det framleis er mogeleg å utvikle samarbeidet.

Eit anna omsyn gjeld reiseveg og transport for elevane. For ein del elevar vil lokaliseringa i Solheimsgaten 23 kunne gje ekstra reiseveg. For elevar frå Bergen sør med omland vil reisevegen ofte verte kortare. Transport med Bybanen med mange passasjerar og gangveg gjennom undergang frå bybanestoppet til Solheimsgaten 23 kan vere krevjande for ein del elevar. Samstundes sikrar Bybanen også eit godt kollektivtilbod med kort gangavstand til dei nye lokala. Fylkesrådmannen vurderer samla sett at lokala i Solheimsgaten 23 er tilstrekkeleg sentralt plassert og tilgjengelege.

Uttalane frå Bergen katedralskole gir uttrykk for uro over dårleg luftkvalitet. Årsrapportar for luftkvalitet viser at det har vore stabil luftkvalitet over det siste tiåret med unntak for 2010, då det var målt høgare luftforureining enn gjennomsnittet. Luftkvaliteten held seg likevel innanfor krava til årsgjennomsnitt i forskrift både for verdiar av svevestøv og nitrogenoksid. Når vi ser på månadsrapportar for luftkvalitet, ser vi at tal timar forureining for januar 2017 er noko høgare på Danmarks plass enn ved Rådhuset. For februar 2017 er resultatet omvendt, med høgast tal timar med forureining ved Rådhuset (Kjelde: Luftkvalitet.info). Luftkvalitet inne er forventa å vere god og reinsa for eventuelt svevestøv i filter på ventilasjonsanlegga.

Fylkesrådmannen legg vidare til grunn at trafikkstøy vil vere innanfor akseptable grenser og vesentleg lågare enn i Øvregaten. Lokala i Solheimsgaten er noko tilbaketrekt frå Danmarks plass og derfor skjerma frå det verste trafikkstøyen. Tilsynsrapporten for lokala i Øvregaten peikar også på trafikkstøy, og ved plassering sentralt i Bergen vil det vere vanskeleg å unngå trafikkstøy fullt ut.

AMU ved avdeling Kyrre skole har peika på at det er manglande uteområde for elevane. Dei seier at elevar med behov for «timeout» vil kunne sakne grønne soner. På lik linje med lokala i Øvregaten 29 er det noko avgrensa med grønne område i nærleiken. Som oversiktsbilete nedst i saka syner, er det eit mindre område nær lokalet i Solheimsgaten 23. I området kring Solheimsviken skjer ei positiv bydelsutvikling. Friluftsområde er å finne i rimeleg gangavstand frå Solheimsgaten. To store skular er også å finne i det same området, Ny-Krohnborg skole og Årstad videregående skole.

FRAMTIDIG ORGANISERING AV OPPLÆRINGSTILBODET FOR MÅLGRUPPA VED AVDELING KYRRE
Fylkesrådmannen vil så snart som mogleg setje i gang eit arbeid med utgreiing av framtidig opplæringstilbod som er tilpassa målgruppa ved avdeling Kyrre. Representantar for Bergen Katedralskole og avdeling Kyrre vert invitert med i arbeidet. Arbeidet er venta ferdigstilt hausten 2018.

KONSEKVENNS AV UTSATT VEDTAK

Det er naudsynt å flytta avdeling Kyrre ut av lokala i Øvregaten. Bygningen har, som tilsynsrapporten også viser, ikkje nødvendige kvaliteter til ein fortsatt langvarig bruk. Det er betydelege setningsskader og bygget er ikkje mogleg å utbedra til eit fullgodt skulebygg. Dersom ein finn at lokal i Solheimsgaten 23 ikkje skal nyttast, så må ein gå ut i eit nytt søk etter lokalar. Å skaffa betre egna og meir sentrale lokalar der heile skulen på om lag 800 kvm er på eit plan, vil vera krevjande og vil normalt ta tid. Det er umogeleg å seia kor lang tid, men det kan ta både månader og år før ein kan finna og flytte inn i lokale som tilfredsstillar desse kriteria.


KONKLUSJON

Etter å ha vurdert ulike lokale over tid finn Fylkesrådmannen å innstille på å inngå leigeavtale for avdeling Kyrre i Solheimsgaten 23. Dagens lokale i Øvregaten er ikkje forsvarlege. Det vil ta lang tid å få til eit nybygg eller ei ombygging av eksisterande lokale. Fylkeskommunen skal i gang med ei utgreiing av tilbodet retta mot målgruppa ved avdeling Kyrre og vil sjå dette i samanheng med eit samla tilbod for ungdom med psykiske utfordringar. Det er derfor føremålstenleg med ein avtale på 8+1+1 år.

Fylkesrådmannen finn det rett å leggje vekt på at lokala i Solheimsgaten 23 er tilgjengelege alt frå hausten 2017 og kan leigast over tid. Lokala kan tilpassast tilstrekkeleg til føremål og behov. Fysisk utforming av lokala vil så langt det er mogleg bli lagt til rette ut frå skisserte behov. Det er vidare vesentleg at leigeavtalen er innanfor tilrådeleg økonomisk ramme.

Bergen Katedralskole avdeling Kyrre flyttar inn i lokala i Solheimsgaten 23 hausten 2017.

BILETE AV SKULEBYGNINGEN KYRRE I ØVREGATEN



BILETE AV LEIGEBYGG I SOLHEIMSGATEN 23

